



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1966

Namnet på vatnet Bløfsvatnet
Kommune Suldal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Oyvind Vasshaug.

K L E P P S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 12. september 1977.

Vatnet ligg i Suldal kommune, nærare stadfest i Erfjord, og med "Lånenut" i sør og Åsdalen i vest.

Arcalet er omlag 20 ha. og h.o.h. 437 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn med djupare partier innimellom.

Stranda består for det meste av stein, der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner for det meste om skogsmark der det veks spredt bjerkeskog. Elles vil ein finna snaufjell og myr.

Botngras, brasmegras, flotgras, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå strandkanten og ut mot djupet.

Hovudtilsiget fell inn på nordsida og bortsett frå desse fell det inn fleire større og mindre bekketilsig.

Avlaupet renn ut i vest og går gjennom Åsdalen ut i Erfjord.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 4,0 m og fargen på vatnet gullig-brun som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 5,5 som er noko surt vatn, men brukande for yngel og småfisk.

Innhaldet av kalk(CaO) er 0,3 mg/l og den totale hardheita 0,4 mg/l. Vatnet er såleis mykje kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne = 21,30

Gjennomstrøyminga er normalt liten

Mageprøver.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 5 fiskar. Her vart det funne vårflugelarver, buksvømmere, hvirvler, linsekreps, edderkopp, vannkalv, vannymfelarver og div. luftinnsekter. Ein ganske allsidig meny.

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på 50 m, og eit vertikal-trekk på 10,0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som fattige.

Fisk m.v..

Fiskeslaga i vatnet er aure og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestørleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 96 aurar.

Fordeler vi fangsten på omfara, og vidare på cm-klassar, får vi grafiske framsyningar som synt nedanfor.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var 1 rød, 12 lysrøde og resten kvite i fiskekjøttet.

Vidare var det 14 hanfiskar og 11 hofiskar.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.


15 fiskar (60%) var gytetisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

| | Alder ved vinter | | | | | |
|------------------------|------------------|------|------|------|------|------|
| | 1år | 2år | 3år | 4år | 5år | 6år |
| Medellengde i cm | 4.7 | 10.4 | 15.9 | 21.3 | 24.5 | 27.0 |
| Årleg lengdetilv. i cm | 4.7 | 5.7 | 5.5 | 5.4 | 3.2 | 2.5 |
| Antall fiskar | 25 | 25 | 25 | 25 | 20 | 5 |

Medel kondisjonsfaktor = 0.97 tilseier fisk av medels bra kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Kleppsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Kleppevatnet ein stort sett normal lengdetilvekst fram til 5 års alder, og det må seiast å vera bra. Auren går mot ei maksimumslengd på ca. 30-31 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil det sjølvsgatt finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar", men der er neppe mange av desse. Dette er då fiskar som har fått ein god start her i livet og som seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og med eit rikt fiskebestand tåleg bra avpassa næringsforrådet.

Ser vi på dei kjemiske tilheva er ikkje desse fullgode, men likevel godt brukande.

Mageprøvene syner at mange arter av verdfulle næringsdyr er å finna medan planktonprøvene var fattige.

Omfarfordelinga syner at småfisken dominerar og vidare vil storparten av fisken vera av 24-27 cm. lengde.

K-faktoren ligg litt i underkant av det normale, men vekstkurven er bra.

Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringstilgang, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Kleppsvatnet er ikkje av det beste i så måte, men då undergrunnen består for ein del av lettforvitrelege bergarter, vil noko mineralstoff gjennom tilsiga bli tilført vatnet. "Bufferemna" er likevel uvanleg svak, slik at surheita i vatnet vil veksla mykje frå tid til tid.

Auren er i dag av ganske god kvalitet og storleik, men kan framleis bli betre.

Gytetilheva er gode i "Kleppsstølbekken" slik at ein normalt vil vera sikra ei tilfredstillande rekruttering.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane går saman og skipar til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

Straks grunneigarlaget er etablert må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske medan grunneigarane sjølve tek hand om garnfisket. På denne måten vil ein få det heile meir under kontroll

og ein vil få inn nokre kroner til aktuelle kultiveringstiltak. Vidare må ein intensivera fisket noko i åra framover i høve til det som har vorte fiska i seinare tid. På denne måten kan ein oppnå betre fiskekvalitet og større fisk enn det som er tilfelle i dag.

Tiltak utover dette skulle førebels ikkje vera aktuelle. Kleppsvatnet eignar seg godt for sportsfiske så vi skulle tru det måtte vera mange som ville prøve fiskelukka si her.

Stavnger 23/2 1978

Einar Berg